



Johannes Hjørnevåg opnar dekkcenter i Herskedalbygget på Husnes.

Alt onsdag 1. april opnar Johannes Hjørnevåg dekkcenter i Herskedalsbygget på Husnes. Firma med namnet Dekkservice Vest vil ha eit komplett tilbod med mellom anna dekkskifte og dekkhotell. Sidan 2015 har Hjørnevåg med firma JH Service drive med dekk i Uskedalen. Med eit lite areal i garasje - og kjellarlokale vert alt no mykje betre.

Johannes Hjørnevåg har ei solid utdanning innan økonomi og leiing. Har i over 20 år vore tilsett i leiargruppa på Palfinger. No var tida inne for å byta til det som har vore ein draum i mange år, nemleg noko innan bilbransjen.

Uskedalen.no har ved fleire høve skrive om Johannes Hjørnevåg og interessa hans for bygdeutvikling, innovasjon og næring. Han driv saman med andre to eideomsfirma i tillegg til eit enkeltmannsføretak. Det som til no har vore ein hobby, vert drift på heiltid.

Erfaring så langt med dekk er at kundane etterspør eit totalpakke med dekkskifte, lagring, reingjering og justeringar. Mange bur i leilegheter og har avgrensa plass for lagring. Han har i tida frå 2015 bygd opp ein kundemasse frå ulike bygder. Kundegrunnlaget er med andre ord på plass. Han hentar og leverer dekk på døra.

Johannes fortel at dei som bur i Uskedalen og har dekkhotell, kan inntil vidare få skifta hjula sine her. Han kjem snart opp med eit tilbod til kundar i Uskedalen om å henta og levera hjul heime, om ein treng nye dekk.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal